

Frå Hordaland ungdomslag.  
-----

Til einskildlagi.

Landet vårt er atter fritt. Etter vel fem år under træl-  
kår og framandt styre har vi fått fridomen attende. I det høve sender  
styret for Hordaland ungdomslag si beste helsing til alle einskildlag  
og all frilynd ungdom i Hordaland og Bergen. "No er det i Noreg atter  
dag". Gud signe landet og folket vårt framleis.

For vel 3 år sidan, i februar 1942, kunde ikkje nasistane  
halda seg lenger, dei lét gjera inngrep ogso i dei frilynde ungdoms-  
lagi sitt arbeid. Styret i Hordaland ungdomslag la den gongen ned ar-  
beidet med ein gong og vona styri i einskildlagi vilde gjera det same.  
Og vi vert ikkje svikne i vonene våre. So vidt vi veit so har ikkje  
noko lag late seg truga av det nasistiske styret i Hordaland ul. til  
å halda fram med arbeidet. Dette vil vi no takka for. Ogso vår front  
har vore heil. Nasistane fekk ikkje det innpass som dei rekna med.  
Difor har Hordaland ul. vore eit lag i namnet og ikkje i gagnet i  
dei tre siste åri.

Men no er tidi inne til å få arbeidet i sving att.  
Styri frå 1942 må halda møte og fyrebu arbeidet og sidan kalla saman  
årsmöte i lagi og velja ny formann og nytt styre so snart som det  
let seg gjera. Dersom det skulde vera nokon av medlemane som har  
meldt seg inn i N.S. so må dei setjast utanfor med ein gong.

Det er mykje um å gjera at arbeidet kjem inn i godt  
gjenge med ein gong. Difor må ein be alle gamle lagsfolk med i ar-  
beidet no i den fyrste tidi. Ein kan ikkje venta at den yngste ung-  
domen som ikkje har noko röynsla skal greida dette åleine. Men får  
ein med seg dei som var med i lagi för krigen so vil arbeidet straks  
kunna byggja på deira röynsla, og då vil det ikkje ta lang tid för  
lagi kan koma godt iveg.

Uppgåvor er her nok av no som för. Lat det berre verta  
ålvor i arbeidet so ikkje festing og dans tek overtaket. Vi har stor-  
leg grunn til å gleda oss over det som har hendt oss denne våren,  
det er sant, men ikkje först og framst med fest og dans. La gleda  
få sitt utslag i godt arbeid for land og folk både i alt lagsarbei-  
det og i vårt daglege yrke. På den måten heidrar vi best dei som  
har gjeve livet sitt for at vi skulde verta eit fritt folk.

So vil vi ynskja lukke til med arbeidet. La oss få  
höyra frå laget so snart som det er på det reine kven som er valde  
til formann og styre.

Det vil seinare verta sendt ut melding om kva tid  
årsmöte i Hordaland ungdomslag vert halde.

Thor Myklebust.